



Pause med god niste og kaffi høyrer med på tur.

Tirsdag føremiddag trefte eg på ein gjeng glade pensjonistar i båthamna. Det var ei turgruppe frå Rosendal og nærliggjande bygder. Kvar tirsdag er dei ute på tur. Denne dagen hadde Gunnvald Friheim ansvar for turmålet, og då var det jo heilt naturleg at turen vart lagt til Uskedalen.

Dei hadde valt ei velkjend og god turløype. Starten var på Brekketoppen, og så gjekk dei over Dønhaug, langs elva og ned til båthamna der dei benka seg rundt eit bord og hadde matpause med medbrakt niste og kaffi. Sjølv med litt sur vind, var humøret på topp!

I tillegg til Gunnvald var også Ståle Eik med, så dermed var guidinga i dei beste hender.

- Det går kjempefint, berre dei ikkje snakkar samtidig, kunne Bjarne Klette beretta på vanleg humoristisk vis. Dei fortalde at dei hadde tur kvar tirsdag, og hadde vore i mange krikar og krokur i Kvinnherad. Dei hadde også vore på andre turar i Uskedalen tidlegare. Vanlegvis pleidde dei å vera 12-15 stykke, men denne dagen var dei 8. Vinterferien var årsak til det.

- Vi har også vore utanfor kommunen. Vi har vore både på Lyderhorn og gått Stoltzkleiven, kunne same Bjarne Klette fortelja samstundes som han la til at dei brukte god tid og kosa seg.

- Kva er rekorden på Stoltzen no, Kåre? spurde han og vende seg til Kåre Eik. Til humring rundt bordet kunne han fortelja at den var i 8 minutt og 6 sekund, men dei hadde brukt i overkant av 58 minutt.

Etter matpusen rusla den fornøgde turgjengen vidare. Løypa gjekk strandvegen bort til Neset, og så opp Geilo. Undervegs fekk dei detaljerte opplysningar om det dei passerte frå Ståle og Gunnvald.

Dei hadde det kjekt!

Kanskje vi skulle fått til ei slik gruppe i Uskedalen og?

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland